

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-223, FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

**Søknad til Næringsfondet - Mongstad TavleTeknikk - Levetidsforlengelse for elektrotavler
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Levetidsforlengelse for elektrotavler blir tildelt kr 200 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Handsaming:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 070/22 Vedtak:

Prosjektet Levetidsforlengelse for elektrotavler blir tildelt kr 200 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Mongstad TavleTeknikk AS er eit aksjeselskap. Bransje: 27.120 Produksjon av elektriske fordelings- og kontrolltavler og paneler. Registrert 28.08.2008.
Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar:

Mongstad TavleTeknikk er lokalisert på Mongstad Sør og leverer produksjon av elektriske tavler og system. Selskapet har 65 tilsette, 63 på fulltid og 2 på deltid. Selskapet vart etablert i 2008 og har opparbeida seg ekspertise på levetidsforlenging og oppgradering av elektrotavler. I dag består arbeidet av utskifting av aktive komponentar, som brytarar, vern og instrumenter.

Om prosjektet:

Fleire tavlesystem er ikkje lenger tilgjengelege frå opprinnelig produsent, og dette tvinger fram meir omfattande og mindre berekraftige oppgraderingar. Mongstad TavleTeknikk ønskjer no å utvikle komplett retrofit-katalog for to av dei mest brukte tavlesystema i Noreg. Prosjektet omfattar utvikling av nye skuffe-, plugg- og tavleløyisingar.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektet vil styrka Mongstad TavleTeknikk sin marknadsposisjon og tilby marknaden ei mest mogeleg bærekraftig og kostandseffektiv løysing for oppgradering av eldre tavlesystem.
Prosjektet vil styrka Mongstad TavleTeknikk sin marknadsposisjon og selskapet vil kunne tilby marknaden ei

mest moglege berekraftig og kostnadseffektiv løysing for oppgradering av eldre tavlesystem. Omsøkt stønad gjeld del av utvikling som er planlagt i 2022. Prosjektet vil halde fram i 2023.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Levetidsforlenger for elektrotavler	427 747	200 000	200 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til omstilling og nyskaping i næringslivet.

Vurdering:

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Mongstad TavleTeknikk gjennomfører for å utvikle egne nye produkt og løysingar for å skape vidare vekst i selskapet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til berekraftig næringsutvikling, tiltak som styrker næringslivet i arbeid med ny teknologi, innovasjon og entreprenørskap og vekst i eksisterande verksemdar.

Vedlegg:

Vedlegg i saken:

02.11.2022	Soknad-2022-0067	1827807
02.11.2022	P21-2517 - Plan for fremdrift	1827808